

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	27.03.2025
Møtetid:	09:00 - -14:30
Møtestad:	Knarvik - Helsehuset, Nordhordland

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Nina Bognøy	varaordfører	AP	
Nils Marton Aadland	medlem	H	
Astrid Aarhus Byrknes	medlem	KRF	
Pål Inge Fosse Hopland	medlem	AP	
Irene Stendal Østerbø	medlem	UAVH	
Mary-Ann Mostraum	medlem	FRP	
Stian Lavik	medlem	KRF	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Sara Sekkingstad	ORD	SP
Ingrid Fjeldsbø	MEDL	H
Torgeir Andvik	MEDL	SP
Lasse Turøy	MEDL	SV

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Olav Steinar Namtvedt	varamedlem	SP	
Yngve Walaker	varamedlem	FRP	
Liv H. Van der Kooij	varamedlem	SP	Permisjon frå under handsaming av sak 19/25 til sak 20/25

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Arnø Fyllingen	Avdelingsleiar
Jarle Landås	Kommunalsjef
Lisbeth Toppe Alvær	Kommunalsjef
Inger Marie Jordal	Tenesteleiar
Runar Bleie Bertheussen	Avdelingsleiar
Andris Hamre	Rådgjevar
Leni Dale	Kommunalsjef
Arne Helgesen	Rådgjevar
Roger Myksvoll	Rådgjevar

Sakliste**Saksnummer Sakstittel**

PS 15/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 06.02.2025
PS 17/25	Driftsavtale Ungdomskontakten Salto
PS 18/25	Avtale om vertskommunesamarbeid for felles landbrukskontor for kommunane Alver, Austrheim og Modalen
PS 19/25	Prosjekt 35140 KNARA hovudreinseanlegg - beslutningspunkt for gjennomføring (BP3)
PS 20/25	Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Myking skule
PS 21/25	Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Kløvheim skule
PS 22/25	Utvida mandat for konseptfase ny ungdomsskule på Frekhaug
PS 23/25	Økonomisk rapport per februar 2025

PS 24/25	Budsjettendring investeringsbudsjettet i tråd med vedtak 115/24 i kommunestyret
PS 25/25	Partinemning for representantar som melder seg ut av eit parti
PS 26/25	Val til, og mandat for, reglementsutvalet
PS 27/25	Melding/orientering til formannskapet
RS 7/25	<i>Investeringar - orientering i møtet</i>
RS 8/25	<i>Utgreiing om grensejustering mellom Alver kommune og Modalen kommune alternativt Masfjorden kommune- orientering om prosess</i>
RS 9/25	<i>Orientering frå kommunedirektør</i>
RS 10/25	<i>Arbeidet med språkbruksplan - orientering i møtet</i>

PS 15/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

RS sak 10/25 vert flytta til etter PS sak 16/25.

Innkalling og saksliste vert godkjent med endring.

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2025:

Innkalling og saksliste er godkjent med endring.

PS 16/25 Godkjenning av møteprotokoll frå 06.02.2025

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 17/25 Driftsavtale Ungdomskontakten Salto

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

Alver kommune godkjenner driftsavtale for ungdomskontakten Salto slik den ligg føre.

PS 18/25 Avtale om vertskommunesamarbeid for felles landbrukskontor for kommunane Alver, Austrheim og Modalen

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

Kommunestyret vedtek å inngå ny avtale om vertskommunesamarbeid med Austrheim kommune og Modalen kommune for drift av felles landbrukskontor for Alver, Austrheim og Modalen, i samsvar med vedlagt forslag til avtale.

**PS 19/25 Prosjekt 35140 KNARA hovudreinseanlegg -
beslutningspunkt for gjennomføring (BP3)****Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:****Framlegg frå S.Lavik-KRF:**

Kommunestyret utset arbeidet med KNARA på Øvre Kvassnesvegen ved beslutningspunkt 3, og ber om at lokasjon på Flatøy inn mot Haglsundet vert utgreidd med tanke på å byggja eit anlegg som har kapasitet også til å handtera framtidige behov frå Frekhaugområdet.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (A.Byrknes-KRF, S.Lavik-KRF og N.M.Aadland-H), mot 7 røyster.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster, mot 3 røyster.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

Kommunestyret vedtar ei auke i ramma på prosjekt 35140 KNARA hovudreinseanlegg, frå kr. 261 mill. eks. mva. til kr. 287 mill. eks. mva. Auka på kr 26 mill. blir innarbeidd i økonomiplan for 2026-2029, og finansiert gjennom sjølvkostprinsippet.

**PS 20/25 Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan -
Myking skule****Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:****Endringsframlegg frå S.Lavik-KRF:**

I punkt 3, endre "Bygdelag" til "Lag eller organisasjoner med tilknytning til bygda".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

1.Eigedommen kan avhendast før eventuell omregulering av arealføremålet.

2.Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.

3.Lag eller organisasjoner med tilknytning til bygda skal få moglegheit til å kjøpe skulebygga med tilhøyrande eigedom til ein symbolsk sum. Alver kommune tek kostnadane ved overdraginga. Alver kommune skal ikkje ha verken drifts- eller vedlikehaldsutgifter med bygga etter ei eventuell overdraging.

4.Dersom bygdelag ikkje kan eller vil overta bygga, vert bygga og eigedom lagt ut for sal. Eigedom med tilhøyrande bygningsmasse skal seljast til høgstbydande.

PS 21/25 Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Kløvheim skule

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Endringsframlegg frå S.Lavik-KRF:

I punkt 3, endre "Bygdelag" til "Lag eller organisasjoner med tilknytning til bygda".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

1.Eigedommen kan avhendast før eventuell omregulering av arealføremålet.

2.Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.

3.Lag eller organisasjoner med tilknytning til bygda skal få moglegheit til å kjøpe skulebygget med tilhøyrande eigedom til ein symbolsk sum. Alver kommune tek kostnadane ved overdraginga. Alver kommune skal ikkje ha verken drifts- eller vedlikehaldsutgifter med bygga etter ei eventuell overdraging.

4.Dersom bygdelag ikkje kan eller vil overta bygga, vert bygga og eigedom lagt ut for sal. Eigedom med tilhøyrande bygningsmasse skal seljast til høgstbydande.

PS 22/25 Utvida mandat for konseptfase ny ungdomsskule på Frekhaug

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Framlegg frå S.Lavik-KRF:

Kommunestyret vedtar å ikkje utvide eksisterande mandat for konseptfasen for ny ungdomsskule på Frekhaug med å ta inn tomte der skulen ligg i dag.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (S.Lavik-KRF, M.A.Mostraum-FRP og Y.Walaker-FRP) mot 7 røyster.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster, mot 3 røyster.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

Kommunestyret vedtar ei utviding av eksisterande mandat for konseptfasen for ny ungdomsskule på Frekhaug, ved at dagens ungdomsskuletomt Havnevegen 53 blir inkludert i konseptfasen.

PS 23/25 Økonomisk rapport per februar 2025

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2025:

Formannskapet tek økonomirapport for februar 2025 til orientering.

PS 24/25 Budsjettendring investeringsbudsjettet i tråd med vedtak 115/24 i kommunestyret**Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2025:

Formannskapet vedtek budsjettendring i tråd med kommunestyret sitt vedtak, 115/24, slik at vidareutlån og bruk av vidareutlån i investeringsbudsjettet blir auka med 50 mill. kr for 2025.

PS 25/25 Partinemning for representantar som melder seg ut av eit parti**Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:****Framlegg frå I.Østerbø-uavh.:**

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti, som er representert i kommunestyret, vert omtala som representantar for det partiet som dei har meldt seg inn i jamfør tidligere vedtak i KO

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti, som er registrert i partiregisteret, og har stilt til valg ved tidligere kommune/fylke eller Stortingsvalg, men som ikkje er representert i kommunestyret, vert omtala som representantar for det partiet som dei har meldt seg inn i.

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti, som ikkje er registrert i Partiregisteret, eller har stilt til valg i kommune/fylket eller Stortingsvalg tidligere vert omtala som uavhengige representantar.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (L.van der Kooij-SP, B.Grindheim-R, N.Bognøy-AP, O.S.Namtvedt-SP, P.I.Hopland-AP og I.Østerbø-uavh.) mot 5 røyster.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 5 røyster og fall, mot 6 røyster.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti, som er representert i kommunestyret, vert omtala som representantar for det partiet som dei har meldt seg inn i jamfør tidligere vedtak i KO

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti, som er registrert i partiregisteret, og har stilt til valg ved tidligere kommune/fylke eller Stortingsvalg, men som ikkje er representert i kommunestyret, vert omtala som representantar for det partiet som dei har meldt seg inn i.

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti, som ikkje er registrert i Partiregisteret, eller har stilt til valg i kommune/fylket eller Stortingsvalg tidligere vert omtala som uavhengige representantar.

PS 26/25 Val til, og mandat for, reglementsutvalet

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Tilleggsframlegg frå S.Lavik-KRF:

Kommunestyret kan også be utvalet greie ut og kome tilbake til kommunestyret om det er konkrete problemstillingar i reglementet som regulerer det politiske virket, slik det t.d. er praksis for i Vestland fylkeskommune.

Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 3 røyster (P.I.Hopland-AP, I.Østerbø-uavh.og B.Grindheim-R)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 27.03.2025:

Alver kommunestyre vel følgjande fem kommunestyrerepresentantar til eit reglementsutval for resten av kommunestyreperioda 2023-2027:

Leiar:	Vara:
Nestleiar:	Vara:
Medlem:	Vara:
Medlem:	Vara:
Medlem:	Vara:

Utvalet skal leggja fram eit heilskapleg framlegg til «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune» til kommunestyremøtet i november.

Utvalet får vidare mandat til også å leggja fram eit heilskapleg framlegg til «Politisk styringsstruktur og reglement for valperioda 2027-2031» og «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune for valperioda 2027-2031».

Kommunestyret kan også be utvalet greie ut og kome tilbake til kommunestyret om det er konkrete problemstillingar i reglementet som regulerer det politiske virket, slik det t.d. er praksis for i Vestland fylkeskommune.

PS 27/25 Melding/orientering til formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 27.03.2025:

Meldingane vart teke til orientering, samrøystes.

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2025:

Meldingane er teke til orientering.